# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

2020 ÅRSJUBILEUM

## Fagleg årsmelding 2019
## IKA Møre og Romsdal



ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling




MY DESK

1. Innleiing ..... 4
2. Føremål og ansvarsområde ..... 4
3. Organisasjon ..... 4
   3.1 Formelle organ ..... 5
   3.2 Tilsette ..... 5
4. Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal ..... 6
   4.1 Eldre og avslutta arkiv ..... 6
   4.2 Personregister ..... 11
   4.3 Elektroniske arkiv ..... 12
   4.4 Privatarkivarbeid ..... 13
   4.5 Prosjektarbeid i 2019 ..... 16
   4.6 Kulturnett Møre og Romsdal ..... 17
   4.7 FylkesFOTOarkivet ..... 19
   4.8 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven ..... 22
   4.9 Prosjekt Personvernombod ..... 25
5. Synfaringar, konferansar og anna ..... 27
   5.1 Synfaringar ..... 27
   5.2 Kontaktkonferansen 2019 ..... 28
   5.3 Høyringar ..... 30
   5.4 Deltaking på kurs/konferansar ..... 30

# 1. INNLEIING

2019 har igjen vore eit aktivt år for IKAMR.

Vi har for eksempel:

- levert tenesta Personvernombod for 26 av eigarkommunane og fylkeskommunen med god evaluering av prosjektet
- teke aktivt i bruk lokala til ordning og digitalisering av arkiv
- teke imot 1300 hyllemeter arkivmateriale
- vore på 28 kommunebesøk/synfaringar
- arrangert kontaktkonferansen med svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane

# 2. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet hadde i 2019 37 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med medlemane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemane, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemane.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha eigne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemane, eller medlemane vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmande. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

# 3. ORGANISASJON

IKAMR har i 2019 arbeidd vidare med organisasjonsutvikling. Vi tilsette ein ekstra arkivar frå nyttår og ein i oktober.

Privatarkivarbeidet vart frå nyttår 2019 organisert som eit eige objekt i rekneskapen.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem.

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt

opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnadar eller tek ut forteneste av desse.

**Verneombod**
Thea Helen Eriksen Rølsåsen vart i 2019 valt til nytt verneombod med Åsta Vadset som vara.

## 3.1 Formelle organ

**Styret:**

| **Styremedlemar** | **Personlege varamedlemar** |
|---|---|
| Perry Ulvestad, Rauma kommune (leiar) | Marta Beinset, Molde kommune |
| Karl Kjetil Skuseth, Kristiansund kommune (nestleiar) | Synnøve Avset, Eide kommune |
| Robert Løvik, Møre og Romsdal fylkeskommune | Nils-Gunnar Solli, Møre og Romsdal Fylkeskommune |
| Liv-Grete Orvik, Ålesund kommune | Eldar Øye, Ørsta kommune |
| Synnøve Hunnes, Sykkylven kommune | Evelyn Omenås, Stranda kommune |

Styret hadde 5 møte i 2019 og behandla 64 saker.

**Representantskapsmøte:**

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Representantskapsmøtet 2019 vart halde på Vestnes 24.04.2019. 28 av eigarane var representert, som utgjorde 83,7 % av eigardelane.

Geir Stenseth er leiar av representantskapet og Kjell Danielsen er nestleiar. Nestleiar leia møtet i 2019. Årsmelding og rekneskap vart godkjende. Ny modell for eigartilskot vart vedteke gjeldande frå 01.01.2020. Den nye modellen baserer seg på eit fast tilskot per innbyggar fordelt etter innbyggarintervall. Ny selskapsavtale vart òg vedteke i same møtet. Begge desse sakene heng saman med endringa i kommunestrukturen frå 01.01.2020.

## 3.2 Tilsette

**Fast tilsette i selskapet var i 2019:**
Geir Håvard Ellingseter - dagleg leiar
Torbjørn Aasen – el-arkivar
Tore Fadnes – el-arkivar
Andri Jónsson - arkivar
Gunnar O. Morsund - arkivar
Vibeke Lunheim - arkivar
Guro Flø - arkivar
Åsta Vadset – arkivar
Torstein Skeide Olsen – arkivar (fast frå 04.11.2019)
Ingunn Vestnes - arkivar (50 % stilling)
Kristian Hove - arkivmedarbeidar
Sølvi J. Knudsen – arkivmedarbeidar og administrasjon
Kari Olsen - arkivmedarbeidar (50 % stilling)
Zane Aboltina rådgjevar – digitalisering
Jan Aakvik - redaktør for Kulturnett Møre og Romsdal
Ragnar H. Albertsen - FylkesFOTOarkivar

Ottar André Breivik Anderson - leiar SEDAK/fotograf

**Prosjekttilsette i prosjekt personvernombod**
Thea Helen Eriksen Rølsåsen – prosjektleiar
Henrik Gullaker – prosjektmedarbeidar (til 19.08.2019)
Karen Vanessa Sundgot Gurskevik – prosjektmedarbeidar (frå 09.09.2019)

**Midlertidig tilsette:**
Tom Erik Enger - digitalisering
Anette Valderhaug - digitalisering
Annelen Melsåsen- digitalisering
Håkon Wille – ordningsoppdrag/vikar
Christian Ingvaldsen – ordningsoppdrag
Erlend Holst Aakvik – ordningsoppdrag
Arnstein Slinning – transkribering
Thea Holst Aakvik – digitalisering
Emil Stokkevåg – ordningsoppdrag
Hanne Rekdal Aasen – Kulturnett
Eli Morken Farstad – ordningsoppdrag
Rannveig Strømmen - Fylkesfotoarkivet
Lucas Knudsen Moi – ordningsoppdrag
Piotr Cabaj - SEDAK

IKAMR har opplevd ein auke i etterspørsel frå eigarkommunane etter tenestene ordning av arkiv og digitalisering.

Sjukefråværet var i 2019 på 7 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 6,3 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 0,7 % er eigenmeldingar. Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

# 4. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL

## 4.1 Eldre og avslutta arkiv

Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Kommunale arkiv er viktige historiske kjelder, og har stor verdi for både forvaltninga, samfunnet og det einskilde individ. Etter arkivlova med forskrifter skal kommunal forvaltning ha ei depotordning for eldre og avslutta arkiv. Sentrale oppgåver knytt til eit papirdepot er mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. For å sikre optimal utnytting av magasina, har det vore nødvendig å legge inn ressursar for å flytte og komprimere store mengder arkiv. Vi har vidare arbeidd mykje med bestandsregistrering, rutinebeskrivingar og å få til gode arbeidsprosessar i høve mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. Dette arbeidet har allereie gitt resultat.

Rettleiing i ordning, føring av avleveringslister er arbeid som krev mykje ressursar. Vi har i 2019 sett på måtar å kommunisere betre og effektivisere avleveringsprosessen. Resultatet av dette arbeidet skal ferdigstillast våren 2020. Ute i kommunane deltek vi på møte, held kurs og kartlegg arkivbestanden saman med tilsette i kommunen.

**Mottak av arkiv**
IKAMR tok imot arkiv 51 gongar i 2019. Totalt 1317,8 hyllemeter fordelt på 27 deponerarar. Til samanlikning tok vi imot 1085,66 hyllemeter med arkiv i 2017 og i 2018 tok vi imot 521,5 hyllemeter. Deponeringstempo varierer som ein kan sjå frå år til år. Av dei 1317 meter med arkiv vi har motteke er 578 meter avlevert som ordningsprosjekt, 153 meter til ordning og digitalisering og vel 16 meter privatarkiv. Resten er avlevert ferdig ordna ute i kommunane.

| Deponerar | Hyllemeter |
|---|---:|
| Averøy kommune | 1,5 |
| Giske kommune | 71 |
| Haram kommune | 50,9 |
| Herøy kommune | 27,7 |
| Molde kommune | 191,53 |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | 123,12 |
| Norddal kommune | 89 |
| Rauma kommune | 22,1 |
| Rindal kommune | 29,6 |
| Skodje kommune | 102,4 |
| Smøla kommune | 0,8 |
| Stordal kommune | 97 |
| Stranda kommune | 166,2 |
| Sula kommune | 12,1 |
| Sunndal kommune | 86,93 |
| Sykkylven kommune | 4,2 |
| Ulstein kommune | 18 |
| Vestnes kommune | 78,5 |
| Volda kommune | 59,3 |
| Ørskog kommune | 13,5 |
| Ørsta kommune | 56 |
| Privatarkiv | 16,42 |
| **Totalt** | **1317,8** |





Mottak av 200 kasser med arkiv frå Stranda kommune. Foto: Ragnar H. Albertsen, FylkesFOTOarkivet.

Stor aktivitet ute i eigarkommunane i 2019. Her frå Volda kommune:

## Har rydda 200 meter med arkiv



Anne-Margrethe Mo og Rune Rotevatn har gått gjennom over 200 meter med arkiv
Foto: Joakim Rødven

Dei siste par åra har det vorte gjort ein formidabel ryddejobb i arkivet.

**Asta-registrering og tilgjengeleggjering**
Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att etterspurt dokumentasjon blant nærare 11 000 hyllemeter med kommunale arkiv. Å registrere arkiv i arkivkatalogen Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Ein god arkivkatalog med nøyaktig arkivbeskriving, bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om ein finn att dokumentasjon som blir etterspurd.

Det krev stor kompetanse å registrere arkiv i Asta. I tillegg er det svært ressurskrevjande. Det er viktig å gjere jobben så nøyaktig som mogleg både med tanke på å beskrive arkivskaparhistorikk og arkivhistorikk, registrere plassering av arkivstykka og tilknyting av metadata slik at ein får treff ved søk samt gode statistikkar.

**Tabell - Registrering i Asta og tilgjengeliggjering på arkivportalen:**

| | Mengde per 31.12.2018 | Mengde per 31.12.2019 | Tilvekst 01.01.2019-31.12.2019 |
|---|---|---|---|
| Registrerte arkiv | 3104 | 3408 | 304 |
| Registrerte seriar | 9056 | 10 874 | 1669 |
| Registrerte stykke | 47578 | 62 677 | 15 099 |
| Registrerte mapper | 159 376 | 250 507 | 91 131 |
| Publiserte arkiv | 773 | 797 | 24 |
| Publiserte seriar | - | 2476 | - |
| Publiserte stykke | 9163 | 9849 | 686 |
| Publiserte mapper | 6604 | 4085 | 2519 |

I 2019 har det blitt registrert 245 arkiv, 1669 seriar, 15 099 arkivstykke og 91 131 arkivmapper i den digitale arkivkatalogen. Dette er ein oppgang frå året før. Produksjonen i ordningsavdelinga og ute i kommunane har gått kraftig opp etter at ein fekk på plass produksjonsflyt både i ordningsarbeidet og for prosessane i Asta fram til ferdigstilling og publisering. Av dette har vi oppretta 214 kommunale arkiv, 43 arkiv med ukjent samfunnsaktør, 2 privatarkiv og 7 fylkeskommunale arkiv. Tala er ikkje heilt korrekte. For det første blir ikkje personregister registrert på mappenivå i Asta, men i eigne søkbare Excel-skjema. Vidare har ein sletta einskilde arkiv og fått dei ordna og registrert på nytt. Dette gjer at statistikkane ser dårlegare ut enn den eigentlege situasjonen tilseier.

Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved sluttføring publisert på arkivportalen.no etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering. Vi har ein nedgang i mengde mappepubliseringar på arkivportalen. Dette skyldast at ein har fjerna mapper frå arkivportalen som ikkje treng å vere publiserte.

**Bestand og bestandsregistrering i Asta**
Totalt har vi 10 859 hyllemeter med arkiv i våre magasin. Av dette er 6801 meter ordna og katalogisert. På grunn av manglande utfylling av metadata i arkivkatalogen Asta er ikkje tala 100% korrekte for 2019. For at vi skal få riktig tal er det viktig at vi ferdigstiller arkiva i Asta og bestandsregistrerer dei. Mengde hyllemeter ordna arkivmateriale er såleis mykje høgare enn det som kjem fram i statistikken frå Asta. Vidare kan det vere verd å merke seg at privatarkivansvarleg har komprimert privatarkivbestanden for å betre kunne utnytte plassen. Privatarkivbestanden utgjer derfor 30 meter mindre enn den gjorde i 2018.

I 2019 har ikkje IKAMR hatt kapasitet til å ordne nokon av arkiva frå før den førre store runda med kommunereform på 1960-talet.

| | Hyllemeter totalt per 31.12.2018 | Hyllemeter, totalt per 31.12.2019 | Hyllemeter, tilvekst 01.01.2019-31.12.2019 |
|---|---|---|---|
| Offentleg arkiv-bestand | 9542 | 10859 | 1317 |
| Offentleg arkiv-bestand som er ordna og katalogisert | 6220 | 6457 | 237 |
| Privatarkiv-bestand | 382 | 352 | -30 |
| Privatarkiv-bestand som er ordna og katalogisert | 230 | 344 | 114 |
| Total bestand ordna og katalogisert | 6450 | 6801 | 351 |

**Magasin**
Alle arkiv som kjem inn blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på arkivportalen.no, men vi har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi skal finne den dokumentasjon som er etterspurd på ein effektiv måte.

I 2018 starta vi med tiltak i magasina som vi har halde fram med gjennom heile 2019. Endringane gjev forbetringar i logistikk, ordningsgrad og oversyn på dei eldre arkivbestandane våre. I 2019 heldt vi fram med arbeidet med flytting av arkiv for å rydde plass til det nye arbeidsmagasinet tilknytt ordningsavdelinga, og vi begynte igangsetjinga av komprimering og grovordning av eldre arkivbestandar. I 2019 blei det også introdusert ein magasinstrategi for IKAMR der det blir definert korleis vi utnyttar dei hyllemeterane vi har, korleis vi deler arkivbestandar mellom dei fire ulike magasina våre og eit kor arkiv skal plasserast ved avlevering.

I 2019 har klimatilhøvet i magasina blitt loggført. Desse loggføringane viser at vi må gjere tiltak i magasina for å få meir stabile klimatilhøve.

I 2019 begynte vi med systematisk kartlegging av skadedyr i alle våre magasin og blei første resultata kunngjort i desember 2019. Desse kartleggingane viser at vi må gjere tiltak for å avgrense førekomst av skjeggkre i magasina våre. I 2019 har vi lagt vekt på auka reinhald i magasina, samt å innføre eit regime for nedfrysing av alle arkiv som blir avlevert frå andre skadedyrinfiserte arkivlokale.

**Førespurnader**
Til saman er det registrert om lag 3600 journalpostar i 2019. Nesten 1900 av desse er inngåande førespurnader. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølve. Det gjeld innsyn i skulearkiv, fattigstyre, tannhelsearkiv, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyrearkiv og tekniske arkiv.

Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Avleveringslister, Innsyn historisk, Innsyn personregister og arkivfaglege/administrative spørsmål. Innanfor desse tala er ikkje førespurnader til SEDAK, Kulturnett eller FylkesFOTOarkivet teke med.

| Kommune | Avleveringslister | Innsyn historisk | Innsyn personregister | Arkivfaglege/administrative spørsmål | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Aukra | 6 | 6 | 0 | 3 | 15 |
| Aure | 34 | 5 | 0 | 2 | 41 |
| Averøy | 4 | 2 | 3 | 3 | 12 |
| Eide | 7 | 1 | 4 | 0 | 12 |
| Fræna | 6 | 6 | 11 | 7 | 30 |
| Giske | 13 | 2 | 4 | 2 | 21 |
| Gjemnes | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Halsa | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Haram | 7 | 1 | 5 | 1 | 14 |
| Hareid | 0 | 2 | 0 | 1 | 3 |
| Herøy | 9 | 8 | 4 | 3 | 24 |
| Kristiansund | 11 | 16 | 16 | 5 | 48 |
| Midsund | 1 | 0 | 0 | 3 | 4 |
| Molde | 15 | 6 | 29 | 6 | 56 |
| MRFK | 11 | 3 | 79 | 7 | 100 |
| Nesset | 2 | 0 | 4 | 3 | 9 |
| Norddal | 3 | 5 | 0 | 4 | 12 |
| Rauma | 8 | 3 | 1 | 2 | 14 |
| Rindal | 2 | 0 | 0 | 1 | 3 |
| Sande | 2 | 1 | 2 | 1 | 6 |
| Sandøy | 1 | 6 | 2 | 0 | 9 |
| Skodje | 86 | 2 | 2 | 6 | 96 |
| Smøla | 1 | 2 | 1 | 2 | 6 |
| Stordal | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 |
| Stranda | 3 | 6 | 2 | 2 | 13 |
| Sula | 5 | 1 | 1 | 3 | 10 |
| Sunndal | 2 | 3 | 4 | 3 | 12 |
| Surnadal | 0 | 1 | 1 | 0 | 2 |
| Sykkylven | 6 | 3 | 3 | 0 | 12 |
| Tingvoll | 1 | 0 | 1 | 2 | 4 |
| Ulstein | 6 | 4 | 8 | 3 | 21 |
| Vanylven | 0 | 1 | 1 | 0 | 2 |
| Vestnes | 2 | 2 | 3 | 1 | 8 |
| Volda | 43 | 9 | 6 | 7 | 65 |
| Ørskog | 4 | 3 | 1 | 0 | 8 |
| Ørsta | 13 | 0 | 4 | 2 | 19 |
| Ålesund | 0 | 54 | 36 | 6 | 96 |
| **Saker** | **314** | **165** | **238** | **92** | **809** |

Lesesalen er registrert nytta 79 gongar i 2019.

## 4.2 Personregister

IKAMR hadde per desember 2019 totalt fått inn 2600 hyllemeter med personregister. 300 av desse hyllemeterane vart mottekne i 2019. Det vart teke imot 155 hyllemeter meir personregisterarkiv i 2019 enn i 2018.

Innsynet i materialet er relativt stabilt:

| **År** | **Mengde førespurnader:** |
|---|---|
| 2016 | 200 |
| 2017 | 243 |
| 2018 | 266 |
| 2019 | 238 |

Arbeidsmengda knytt til førespurnader varierer stort. Dokumentasjon av rettar krev til dømes at ein også må leite fram i arkiv som ikkje er av typen personregister. Saksbehandlingstida kan i slike tilfelle bli opp mot ei veke.

Det er brukt tid på innsyn, attfinning og mottak av personregister. I tillegg er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister tidkrevjande. Det er betydeleg auke i talet på førespurnader vedkomande reglar, rutinar og lovverk i helse- og sosial-, skule- og barnehagesektoren. Denne type førespurnader kan vere alt frå innkjøp av lim til etikettar, kassasjon og bevaringsvurderingar, til journalføring i sak- og journalsystem. I tillegg kjem mange spørsmål vedkomande fagsystem, særleg i helse- og omsorg og skule.

05.04.2019

**28 TIDLEGARE BARNEVERNSBARN FEKK ORSAKING OG ØKONOMISK OPPREISNING FOR OMSORGSVIKT OG OVERGREP**



aage-brekk_nedbygd.jpg

**Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal er no avslutta. IKA Møre og Romsdal har hatt ansvar for framfinning av relevant arkivmateriale for handtering av søknadane.**

Sjå pressemelding og sluttrapport her:

https://mrfylke.no/Nyheiter/28-tidlegare-barnevernsbarn-fekk-orsaking-og-oekonomisk-oppreisning-for-omsorgsvikt-og-overgrep

## 4.3 Elektroniske arkiv

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkiv-institusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betyding for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og på Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handtering av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Resultat i 2019 for bevaring av elektroniske arkiv i IKAMR:

a. IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
b. IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
    I. Mottak og validering av Innleveringspakke frå eigarkommunane (arkivskapar)
    II. Lage Arkivpakke frå Innleveringspakke
    III. Bevare Arkivpakkar i KDRS sitt depotforvaltningssystem

Resultat i 2019 for bevaring av elektroniske arkiv for alle 37 kommunar/fylkeskommunen:

a. Deponert 22 Innleveringspakkar frå eigarkommunane på 80 GB
b. Den 31.12.2019 er det totalt deponert 840 GB til depot IKAMR

c. Godkjent 10 deponerte Arkivpakkar AIP i 2019 av depot IKAMR (4 Fagsystem og 6 Noark 5 uttrekk)
d. Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering

Resultat for bevaring av elektronisk arkiv i IKAMR er lågare enn planlagt for 2019. Årsaker er at KDRS og IKAMR produksjonslinje for bevaring av elektroniske system treng tid for å bli effektiv og at kommunane var opptekne med kommunereform og endringar i og bytte av saksarkiv-system. kommunane har meldt inn eit stor mengde innleveringar i 2019 for deponering i 2020, som SIARD-uttrekk av gamle avslutta system og Noark 5-uttrekk av saksarkiv.

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- *KDRS Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale*
- *KDRS Produksjonslinje - Bevaring og formidling av elektroniske arkiv*
- *KDRS Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem*. Bruk av Documaster Decom for å lage og bruke malsett for arkivsystem, med støtte frå Riksarkivarens arkivutviklingsmidler og Mavod II-prosjektet frå Arkivverket
- *KDRS Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem Frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje*
- *MODARK (Modernisering av arkivoverføring*), prosjekt i Arkivverket
    - Rådgjevar i MODARK prosjekter
    - Pilotprosjekt produksonslinje for Giske kommune (IKAMR)
    - Pilotprosjekt produksonslinje for Politiet (Arkivverket)

**DECOM WORKSHOP FOR SOFIE OG EXTENS**



*fakd_0855_00007_elarkivarar_mrogsogf_redusert2.jpg*

**IKA Møre og Romsal held Decom Workshop for systema Sofie (saksarkiv) og Extens (skole) onsdag 6. og torsdag 7. mars. Geir Utmo frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane er med saman med IKAMR sine eigne elarkivarar Tore Fadnes og Torbjørn Aasen.**

KDRS køyrer prosjekta "Produksjonslinja for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt arkivmateriale" og "Decom malsett for fagsystem" støtta av Riksarkivarens arkivutviklingsmidlar. MODARK-prosjektet i Arkivverket er også ein aktiv støttespelar for tiltaka, der hovudmålsetjinga er å hente inn det såkalla etterslepet i bevaring av elektroniske system. I Riksrevisjonens rapport frå 2010 kjem det fram at kommunane og fylkeskommunane har store utfordringar med å sikre og gjere tilgjengeleg bevaringsverdig dokumentasjon. Det vart anslått at der var ca. 10 000 elektroniske system. No er det gått 8 år sidan rapporten kom, men KDRS produksjonslinje og bruk av Decom malsett skal effektivisere og gjere det mogleg for kommunane å få bevart og tilgjengeleggjort systema sine.

## 4.4 Privatarkivarbeid

IKAMR er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. I tillegg til dette var 11 kommunar med i privatarkivordninga i 2019. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdig arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemder mot ein kontingent på kr 1,54 per innbyggjar (2019).

Privatarkivansvarleg var sjukemeld store delar av 2019. Følgande er likevel utført:

- Rolla som fylkeskoordinerande ledd: Den må klart definerast. Dette må gjerast delvis i samarbeid med dei andre store aktørane som oppbevarer privatarkiv (regionmusea) i Møre og Romsdal. Det skal dermed haldast møte med desse, med sikte på å få på plass ein skriftleg

avtale om arbeidsdeling. I november 2019 vart halde eit møte med Nordmøre museum der deira rolle vart diskutert.

- IKAMR skal delta aktivt i det nasjonale nettverket for fylkeskoordinerande institusjonar for privatarkiv: 5. og 6. juni 2019 vart nettverksmøte for fylkeskoordinerande institusjonar og nasjonale aktørar innan privatarkivarbeidet halde i Ålesund. Privatarkivansvarleg var med i planlegginga av dette arrangementet, men deltok ikkje på møtet pga. sjukdom.

- Rekruttering av nye deltakarar i privatarkivordninga (kommunane, politiske parti, lag, organisasjonar som enno er aktive): Privatarkivordninga deltok med ein stand på Kontaktkonferansen 2019. I ettertid (2020) har ein kommune meldt seg inn og eit par andre er i prosess.

- Prosjekt med støtte frå Arkivverket: I november 2017 fekk IKAMR 150 000 kroner til ordning, registrering av arkivet og digitalisering av utvalde teikningar etter Voldnes skipsverft. Arbeidet vart fullført i april 2019. Prosjektet vart presentert på Arkivverket sitt evalueringsseminar for bruk av arkivutviklingsmidlar. I november 2018 fekk vi kr 150 000 til ordning og registrering av Norske Klippfiskeksportørers Landslag og UNIDOS A/S sitt arkiv. Dette prosjektet vart ferdig i desember 2019. I 2018 løyvde Arkivverket også kr 350.000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart sett på vent til 2020.

- Privatarkivansvarleg deltok i arbeidet med Fürstarkivet.


26 LØRDAG 14 DESEMBER 2019 SUNNMØRSPOSTEN

SUNNMØRSPOSTEN LØRDAG 14. DESEMBER 2019 27

lørdag

# METERVIS MED KLIPP-FISKHISTORIE

**Smarte grep, hardt arbeid, språkkunnskaper og gode kontakter har gjort klippfiskeksporten på Møre til en suksesshistorie.**

Norsk klippfiskeksport handler om omfattende brevskriving og rapportering, mye mer detaljert enn i dag. Det var ikke bare å nappe telefonen og ringe til utlandet. Korrespondansen med importørene gikk oftest på portugisisk og spansk, kontraktene likeså.

Det sier Jorulv Straume, som har hatt stillinger som eksportsekretær, kontorsjef, soussjef, personalsjef og adm. dir. i de næringspolitiske- og salgsorganisasjonene Unidos og De Norske Klippfiskeksportørers Landsforening.

I lokalene til Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal ligger det nå metervis med klippfiskhistorie, som det skal ryddes i. Et stort, omfattende og ganske komplett arkiv, fra DNKL ble startet i 1931 og til det sammenslåtte Unidos ble avvikla i 2013.

Utrolig nok brant ikke arkivene i Kristiansund da byen ble bombet under krigen. Noen av eskene var bare litt svidd i kantene. Da Unidos/DNKL-kontoret ble lagt ned og flytta til Ålesund, ble de stablet opp i kjelleren i Røysegata 15.

Nå har Straume overrakt det til profesjonelle arkivarer.

**Sosialisering og diplomati**

Etter å ha jobbet med transport begynte Straume som eksportsekretær i Unidos i Keiser Wilhelmsgate i 1969. Han ble fort sendt ut på oppdrag, først og fremst i Nord-Norge, men også til Portugal.

Det var en fordel å lære seg spansk og/eller portugisisk. For det er kjøperen som bestemmer hvilket språk du skal snakke og skrive.

– Blant gamlekarene var det et relativt høyt nivå på språkkunnskapene. Det var ganske lett å få språkstipend. Sjøl reiste jeg ut da jeg var i slutten av 20-åra, og fikk undervisning i Portugal og Angola, forteller Straume.

Han husker når det kom portugisere og brasilianere til Ålesund, og hvordan klippfiskeksportører som Helge Røste og Bjarne Haagensen på tilstelninger kunne reise seg og holde tale på gjestene sitt språk.

– Det var mye diplomatjobb i dette. Nordmenn har det med å klikke seg i hop, men i klippfisknæringa skulle en sosialisere. Unidos kunne gjerne bli bedt om å lage et opplegg, ta seg av folk som kom til Ålesund, være vertskap med omvisning og middag.

**Friere**

Periodevis drev Unidos også sentraliseringa av klippfiskeksporten på land som Portugal, Mexico, Den dominikanske republikk, Jamaica og Cuba. Straume var alle steder, og hadde mange arbeidsoppgaver.

– Lenge var jeg ei uke i Portugal, ei i Nord-Norge og ei i Ålesund. Jeg hadde familie, og det var hard jobbing.

– Dette var lenge før mobilen. Jeg var mye aleine, og da var det mer akseptert at man gikk litt ut over sine fullmakter, det var en del avgjørelser som måtte tas på egen hånd. I dag konfererer de hele tida, sier Straume.

**Klippfisken fikk følger**

Klippfisknæringa i Norge samarbeidet når det var formålstjenlig, men i prinsippet var det beinhard konkurranse mellom eksportørene.

– En periode på 1950-tallet var det minstepriser på Brasil. For å omgå minsteprisene blir det sagt at det var luringer som la dollarsedler oppi lodda blikkesker. De ble lagt oppi trekassene som skulle til Brasil, og kassene som hadde penger ble utstyrt med et kryss.

Klippfisken i Norge er et eksotisk innslag. Det var Skottland, Holland og Baskerland som begynte med produksjonen.

I 1690-åra slo hollenderen Jappe Ippes seg til i det som i dag er Kristiansund og startet opp klippfiskproduksjon, før skotten Ramsay startet produksjon i stor stil på fiskeværet Grip.

Under spansketida, på slutten av 1800-tallet, da de spanske seilskutene lå og lasta i Kristiansund, ble det sagt at guttungene som holdt til på kaia lærte seg så godt spansk at de ble brukt som tolker.

I et jubileumsskrift blir det fortalt om de mørke lasterommene på seilskutene, som det også lå mange av i Ålesund. Der nede, hvor kvinnene platta fisken, fantes også fyrige spanske

**KASSEVIS:** Det er fenomenalt hva som har blitt skrevet. Da det kom folk fra Interkommunalt Arkiv og tømte kjelleren i Røysegata 15 følte jeg meg veldig letta. Nå er det omfattende arkivet endelig under offentlig kontroll, sier Jorulv Straume. ALLE FOTO: PIOTR CABAJ

## 4.5 Prosjektarbeid i 2019

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgjevar. I 2019 har IKAMR vore involvert i følgande prosjekt:

| **Objekt-kode** | **For kven og kva** | **Status** |
|---|---|---|
| 2002 | Sandøy – ordning av arkiv + digitalisering av byggesaksarkiv | Påbegynt |
| 2013 | Smøla – personarkiv | Avslutta |
| 2017 | Møre og Romsdal fylkeskommune - folkemusikkarkivet | Påbegynt |
| 2019 | Herøy – barnevern- og sosialarkiv | Avslutta |
| 2023 | Averøy - prosjekt 2 – ordning | Påbegynt |
| 2024 | Møre og Romsdal fylkeskommune - digitalisering av arkivdel 652/652 T07 | Signert |
| 2026 | Vestnes – digitalisering av byggesakarkiv | Avslutta |
| 2027 | Skodje – digitalisering av byggesakarkiv | Avslutta |
| 2028 | Rauma kommune – digitalisering av byggesak | Påbegynt |
| 2031 | Vestnes kommune – sak og skulearkiv | Påbegynt |
| 2033 | Utviklingsmidlar – protokollar | Påbegynt |
| 2034 | Utviklingsmidlar – Voldnes | Avslutta |
| 2035 | Giske – skulearkiv | Påbegynt |
| 2037 | Sandøy kommune – digitalisering av teknisk sakarkiv | Avslutta |
| 2038 | Modark | Påbegynt |
| 2039 | Stordal sentralarkiv – ordning | Påbegynt |
| 2040 | Nordal – elverk | Påbegynt |
| 2041 | Sunndal – ordning av arkivmateriale | Påbegynt |
| 2042 | Kristiansund – ordning skolearkiv | Motteke |
| 2043 | Sunndal videregående skole | Påbegynt |
| 2044 | Stranda – ordning av arkiv | Påbegynt |
| 2045 | Ørskog – digitalisering av byggesak | Påbegynt |
| 2046 | Fylkesbiblioteket – bokbåtarkiv | Påbegynt |
| 2047 | Haram – digitalisering av byggesak | Påbegynt |
| 2048 | Vanylven – digitalisering av byggesak | Signert |
| 2049 | Norddal – digitalisering av byggesak | Påbegynt |
| 2050 | Kristiansund – etterarbeid byggesak | Påbegynt |
| 2051 | Ørsta - pasientarkiv | Påbegynt |
| 2052 | Utviklingsmidlar – Unidos | Ferdig |
| 2053 | Utviklingsmidlar - Idrettsarkiv | Påbegynt |
| 2054 | Herøy, Ulstein, Hareid Landbrukskontor – digitalisering | Signert |
| 2055 | Gjermundnes vgs – ordninga av arkiv | Påbegynt |
| 2056 | Tafjord Kraft | Signert |
| 2057 | Stordal – digitalisering av byggesakarkiv | Signert |
| 2058 | Sula – ordning av arkiv | Signert |
| 2059 | Fræna vgs – ordning av arkiv | Signert |

I 2019 vart det signert nye avtalar om ordning og digitaliseringsoppdrag med:

- Ørsta kommune – ordning av pasientarkiv
- Herøy, Ulstein, Hareid Landbrukskontor – digitalisering av arkiv
- Gjermundnes vgs – ordning av skulearkiv
- Tafjord kraft – ordning av arkiv
- Stordal kommune – digitalisering av arkiv
- Sula kommune – ordning av arkiv
- Fræna vgs – ordning av skulearkiv

Det vart avslutta prosjekta for desse i 2019:
- Smøla kommune - personarkiv
- Herøy – ordning av barnevern- og sosialarkiv
- Vestnes kommune – digitalisering av byggesakarkiv
- Skodje kommune – digitalisering
- Arkivverket – Voldnes
- Arkivverket - Unidos
- Sandøy kommune – digitalisering av teknisk arkiv

## 4.6 Kulturnett Møre og Romsdal

2019 har vore eit år prega av store endringar av kulturdatabasar og forslag til omstrukturering av oppgåver og drift som følge av økonomiske utfordringar.

**Kulturkalender**
Kulturkalender låg lågt i 2019. Nedgangen frå 2018 er betydeleg. Ein slit med gamle digitale verktøy og nettstad.

**Stadnamn**
Kulturnett har i 2019 leigd inn ekstrahjelp til digitalisering av kassettar med lydopptak av lydband. Ein har nytta fondspengar.

**Samarbeidspartnarar i fylket**
Samarbeidspartnarane for Kulturnett er dei same. Det er større institusjonar innanfor kulturfeltet som sender pressemeldingar og anna redaksjonelt stoff som vi nyttar som nyheiter på heimesida vår. Vi vil trekke fram; Jazzfestivalen, Ivar Aasen-tunet, Operaen i Kristiansund og KHÅK kunsthall i Ålesund.

**Forholdet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane**
Samarbeidet med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har gått mot slutten i løpet av 2019. Sogn og Fjordane og Hordaland blir Vestland fylke og det får store driftsmessige og økonomiske konsekvensar for dei fylkeskommunale tenestene som er lagt til IKAMR.
Drift av Stadnamnbasen er ikkje avklart i løpet av året, men vi forventar ei avklaring i 2020.

**Måloppnåing frå årsplan 2019**
- Vi fekk flytta heimesider for KnMR og IKAMR til Amazonløysing.
- Oppgradering frå Drupal 7 til Drupal 8 vart gjennomført for IKAMR, men ikkje for KnMR pga. økonomi.
- Pris på ny nettsidelayout for KnMR vart innhenta, men ikkje gjennomført pga. økonomi.
- Utfordringa i 2019 vart å sjå på kva kostnader drifta av kulturdatabasane vil kosta dei komande åra. Kostnadsbilde er innhenta og konklusjonen vart i 2019 at Kulturnett Møre og Romsdal vil ikkje ha nok ressursar til å handtere dette i dei komande åra.
- Ein har lasta opp skipsteikningar og foto for Voldnes verft. Arkivutviklingsmidlar.
- Ein har sett på vent målet med å laste opp protokollar frå prosjektet; Digitalisering og publisering av kommunestyreprotokollar. Dette pga. 3 faktorar. GDPR-avtale om utlegging digitalt med eigarar, mangel på kontrakt med Digitalarkivet og nye restriksjonar hos Digitalarkivet på publisering.
- I 2019 har vi ikkje prioritert arbeid med Stadnamn pga. uvissa med drift av Stadnamnbasen.




**Tillegg**
Ansvar for å følge opp følgande prosjekt:

- Sat i referansegruppe for Nasjonal Publiseringsplattform - Digitalarkivet
- Digitalisering og publisering av møtebøker
- Få på plass avtale med Interfoto (del av anbod) for ny Fotodatabase
- Gjere ferdig Voldnes Skipsverft – Arkivutviklingsmidlar
- Gjere ferdig Fürstarkivet
- Gjere ferdig Folkemusikkarkivet
- Følge opp UNIDOS-prosjektet – Arkivutviklingsmidlar
- Forslag til drift av fylkeskommunale tenester lagt til IKAMR – framlagt til 1. juni 2019

**Økonomi**
Kulturnett brukte om lag 55 000 kroner frå det bundne fondet. Midlane gjekk til drift av kulturdatabase og ekstrahjelp til å berge stadnamn på kassett. Som varsla i 2018 er kostnadane på drift av nettstad og kulturdatabasar auka.

**Aktivitet**
- Møte med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane i Loen vedkomande fotodatabase.
- Dialogmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune
- Styremøte for IKAMR og eigarmøte
- Møte med Folkemusikkarkivet
- Møte med Kulturavdelinga i forprosjektet Dig-IT
- Møte med arbeidsgruppe om dokumentering/arkivering Nordøyvegen
- Møte med NAV og Spesialistbedriften as
- Møte med Sandøy kommune, kart og teikningar

**Konferanse/samlingar**
- Referansegruppe og seminar for Nasjonal Publiseringsplattform – Digitalarkivet 11.-12. mars 2019.
- Introduksjon til Fagdag – Personvernombodsordninga 14. mai 2019 i Molde
- Arrangert ABM Digitaliseringskonferanse saman med Fylkesbiblioteket 28. mai 2019.
- IKA Kontaktkonferanse 1.-2. oktober 2019. Stand.

## 4.7 FylkesFOTOarkivet

Etablering av eigen fotodatabase etter 15 års godt samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane om felles database, prega 2019. Etter ein anbodsprosess i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune vart «Fotoware» valt som leverandør til den nye fotodatabasen under varemerket «FotoWeb».

Fotobasen vart «låst» for registrering og opplasting av bilde 1. oktober. Arbeid med vår nye database var ikkje kome i gang ved årsskiftet.

Tilveksten 2019 var ca. 7.000 bilde fordelt på 20 mindre arkiv og samlingar. Den største tilveksten var digitalisering av Vanylven sogelag sine fotosamlingar på om lag 2600 bilde.

Drygt 1000 bilde vart digitaliserte i samarbeid med Smøla Historielag. (Desse bilda vil bli knytt opp mot Stiftinga Nordmøre museum og publisert på «Digitalt museum».)

Digitalisering av «Nordøyvegen» sitt dokumentarkiv i Haram kulturhistoriske lag må nemnast som ekstraordinært prosjekt «på sida» av FAK sine oppgåver. 4200 dokument, avissider og presseklipp vart digitaliserte.

Fram til 01.10.2019 var FylkesFOTOarkivet (FAK) sitt hovudfokus databasearbeid, registrering og digitalisering. Digitalisering og registrering frå fotografarkiva er sterkt knytt opp til samarbeidet med vår største frivillige ressurs: «DIS-gjengen» (Digitalisering I Steffensengården!).

I alt vart ca. 10.000 negativ og bilde av ymse slag digitaliserte i 2019. Av desse utgjorde digitalisering frå Lystad-arkivet i DIS-gjengen over 6600 acetat-negativ. Den store eksterne gruppa av brukarar bidrog i 2019 med 1526 brukarkommentarar til bilda i nettbasen.

**Hovudoppgåver 2019**
Digitalisering av fotografarkiv, samarbeid med frivillige, konsulent- og formidlingsarbeid.
Oppstart med videosamtalar med pensjonerte fotografar til det nasjonale prosjekt «Minner» og arbeid med fotografhistoria.

**Fagleg arbeid, internt**
Databasearbeid, registrering, og kontroll og vedlikehald av data fram til oktober 2019. Restansane, oppgradering av ny informasjon med brukarkommentarar, har auka. Om lag 100.000 av dei 200.000 bilda i basen manglar framleis informasjon. Desse er i hovudsak knytt til fotografarkiva der vi berre har fotografen sitt namn og kven som har tinga bilda.

**Fagleg arbeid, eksternt**
<u>Sogelag:</u>
Vanylven sogelag: Prosjekt med digitalisering av foto
Vestnes sogelag: Digitalisering av arkivet etter fotograf Kristoffer Aas (vil halde fram)
Ørskog Historielag: Nyregistrering, digitalisering og oppgraderingar
Sande sogelag: Opplæring
Foredrag: Vartdal historielag
Foredrag: Sunndal om fotograf Mulvik og Mulvikarkivet
Foredrag: Sula om fotograf Nerland
Foredrag: Ørsta om fotograf Martin Velle

<u>Kommunar:</u>
Ørsta: Digitalisering av Lystad-arkivet. Vellearkivet vart ferdig i 2019
Gjemnes: Digitalisering av Midtbø-arkivet
Sunndal: Arbeid med Mulvikarkivet

<u>Museum:</u>
Samarbeidet med Nordmøre museum om digitalisering av «Tidens Krav» sitt fotoarkiv.

Nasjonalt:
Det nasjonale nettverket for foto, prosjektarbeid med foto og etikk.

Andre:
Førespurnader held jamt fram. Bidrag med nye opplysningar til bilda og korrigering av gamle, ekstern hjelp til produksjon av namnekart med meir er også ein del av det eksterne, men dugnadsbaserte faglege arbeidet. Det kom inn over 1.500 brukarkommenatar til databasen i 2019.

**Formidling**
FAK sine bilde vert formidla gjennom databasen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.
Nedgang i tinging av fysiske bilde heldt fram i 2019. Publikum nyt godt av ei «sjølvbetening» og kopierer bilda frå nett og bruker dei digitalt privat, på eigne lokalhistoriske heimesider eller sosiale medium. FAK har medviten ikkje vore særleg synleg i media i 2019 og eigne heimesider vart «lagt på is» i november 2018 grunna teknisk-økonomiske utfordringar.
«Nerlandutstillinga», bilde etter fotograf Olav Nerland (1913-2008) vart sett opp i Langevåg på våren.

**Ekstrahjelp**
Rannveig Strømmen har arbeidd som ekstrahjelp eit par halve dagar i veka gjennom heile 2019.

**«DIS-gjengen»**
I 2019 har dugnadsarbeidet vore konsentrert om arbeidet med arkivet etter den mest kjende fotografen på Sunnmøre fram til fargefotograferinga overtok på midten 1970-talet, fotograf Olav Lystad (1906-1995) i Ørsta. Transkripsjon av hovudprotokollane med nesten 20.000 ordrenamn vart ferdig i 2019. Over 6.600 negativar vart digitaliserte av «gjengen» og nettregistreringa kom i gang.

DIS har også utført viktig registreringsarbeid fram til oktober, ikkje minst knytt til «brukarkommentarane», dvs. registrering av nye opplysningar som kjem inn via dialogen i nettbasen.

Dugnadskveldane startar opp 18:00 og held på til 22:00. Mengde dugnadskveldar: 32 (27). Mengde deltakarar: 11,- i snitt nesten 9 kvar kveld! Det er registrert 281 kveldsverk med 3 effektive timar. Dette utgjer 843 dugnadstimar, temmeleg nøyaktig eit halvt årsverk, omrekna til ein verdi av ca. kr 250.000!

| **FylkesFOTOarkivet i tal** | **2019** | **2018** | **Tilvekst 2019** | **Tilvekst 2018** |
|---|---|---|---|---|
| Bilde i alt | 774 000 | 767 000 | 7000 | 22 000 |
| Bilde i nettbasen, internt søk | 226 886* | 195 178 | 9 556 | 10 000 |
| Bilde i nettbasen, eksternt søk | 226 886* | 189 000 | 31 708** | |
| Brukarkommentarar | 17996 | 16470 | 1526 | 975 |
| Arkiv/samlingar under FAK | 1349 | 1340 | 9 | 15 |

Bilde i alt er stadig vanskelegare å talfeste, mellom anna fordi måten å telje har endra seg over tid.
* Talet er ifølge den nye databasen. Det er om lag 10.000 høgare enn «manuell» teljing.
** Faktisk fysisk tilvekst i databasen er ifølge den nye datasen. «Manuelle» teljing = reell tilvekst = 9.016

**Heimesider**
FAK har ikkje oppdatert eigne heimesider sidan november 2018.

**Magasinarbeid**
Tilveksten og arbeidet i fotomagasinet har vore konsentrert om mottak av restarkivet etter fotograf Olav Hjertenes (1933-2020) i Ulstein og arbeid med arkivet etter fotograf Kristoffer Aas (1889-1977) frå Vestnes.

**Seminar – Møter – Reiser**
15.01.2019 Stryn, Loen. Fellesmøte med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (2 dagar)
23.01.2019 Ulstein: Videosamtalar med Per Eide og Olav Hjertenes

24.01.2019 Ørsta/Volda: Videosamtalar med fotograf Marta L. Johansen og Gaute Hareide
24.01.2019 Vartdal sogelag: Demo-digitalisering for mogleg prosjektsamarbeid?
30.01.2019 Vestnes, den første av 4 reiser i 2019 til Vestnes sogelag for digi «Aas»
18.03,2019 Trondheim: Sverresborg ad opplæring/orientering i Primus og DigitaltMuseum
20.03.2019 Sunndal: Møte og foredrag om fotograf Magne Mulvik
08.04.2019 Horten: Nettverksmøte
09.04.2019 Sarpsborg, ØFB ad opplæring/orientering i Primus og DigitaltMuseum 10.04.2019 Oslo: Videokurs i regi av Institusjonsfotografene (IFF)
02.05.2019 Kristiansund: Rigging/opplæring digitalisering av Tidens Krav sitt arkiv
08.05.2019 Vanylven: Digitalisering av Vanylven sogelag sitt fotoarkiv (3 dagar)
14.05.2019 Ulsteinvik: Henting av Hjertenesarkivet
19.06.2019 Lepsøya: Digitaliseringsdøgn saman Nordøyveg-gjengen
02.10.2019 Trondheim; Intervjukurs (2 dagar)
14,10.2019 Oslo: Nasjonal fotokonferanse og nettverksmøte (3 dagar)
02.11.2019 Sula: Møte med Fyllingbarna om overtaking av Knut Fylling sitt arkiv
14.11.2019 Smøla: Digitalisering av Smøla Historielag si fotosamling (3 dagar)
27.11.2019 Sande: Orientering og testdigitalisering for Sande Sogelag
11.12 2019 Nordøyane: Videosamtale/dokumentasjon fotograf Peder Otto Dybvik

**Utstyr**
Relativ store investeringar i foto/video og lydutstyr i samband med prosjekt med videosamtaler med fotografar i Møre og Romsdal. Ny pc til dugnadsbruk og medium for datalagring og backup.


12 KULTUR SUNNMØRSPOSTEN LØRDAG 2. NOVEMBER 2019

kultur

Tips 95 400 400 • kultur@smp.no • sentralbord 70 12 00 00

MUSIKANTAR: Ola Lingås og Åsmund Aam fotografert i 1936.

KVEN ER DETTE? Einar Øyehaug, Anne-Mari Øyehaug, Atle Melle (bak), Svein Myklebust og Elling Henøen var mellom dei som studerte bileta frå Velle-arkivet med stor interesse.

SØNER: Inge og Roar Velle tok turen heim til Ørsta for å delta på presentasjonen av det digitaliserte arkivet etter faren.

FOTOARKIVAREN: Ragnar Albertsen ved Fylkesfotoarkivet har stått i spissen for digitaliseringa av Velle-arkivet.

LØRDAG 2. NOVEMBER 2019 SUNNMØRSPOSTEN KULTUR 13

SOSIETETEN: Oluffa og Sivert O. Myklebust (1871-1943), eigar og skipar av Ørsta Bruk. Ekteparet er fotografert i finstua i heimen – «Oluffa-huset», ho med handarbeid og han med avisa. (Informant: Roar Velle.

PORTRETT: Ei eldre kvinne står det på bildet. Tingar: Petrikke Velle.

VELLE-ARKIVET: Tre ukjende damer.

ARVEN FRÅ MEISTER MARTIN VELLE

Fotoarven som Martin Velle let etter seg skal fram frå gamle mørkerom og inn i det digitale lyset.

– Vi vil at alle skal ha gratis tilgang til bileta, og eg ser fram til at dei vert lettare tilgjengeleg, seier Roar Velle.

Han er son av Martin Velle som i løpet av livet hadde 8.517 fotooppdrag i Ørsta. Resultatet er 30.000 negativar, dei fleste portrett.

Unge og lovande menn med fotoambisjonar kom frå heile Sunnmøre for å lære av dei to meistrane i Ørsta, Olav Lystad og Martin Velle.

– Lystad er den mest kjende og premierte, men også Martin Velle fekk mange premiar for sine portrett. Velle var kanskje den beste fotografen på Sunnmøre i si tid. Han var ein perfeksjonist, med fesans for detaljar, seier fotoarkivar Ragnar Albertsen ved Fylkesfotoarkivet.

Familien til Velle har stilt negativane til disposisjon og ved hjelp av mykje dugnadsarbeid, og litt støtte frå mellom andre Ørsta kommune har Velle-arkivet tatt steget inn i den digitale verda.

– Vi har hatt Velle som hovudoppgåve i seks år, seier Albertsen.

I førre veke vart ørstingar inviterte til eit informasjonsmøte om det omfattande arbeidet. Det vart fullt hus på biblioteket. Førebels er berre vel 2.000 bilete lagt ut på nettet. Langt fleire er digitaliserte, men det er ikkje berre å publisere ukritisk.

– Personvernreglane er strengare enn vi likar, seier Ragnar Albertsen.

Han treng samtykkje frå familien til dei fotograferte, for å vere på trygg grunn i forhold til EU sitt strenge personverndirektiv. Han ber ørstingane kome til biblioteket for å skrive under på at publisering er OK.

– Og så ber vi folk skrive inn opplysningar på bileta som er på nettet, seier han.

Med på møtet på biblioteket var og sønene til Martin Velle, Inge og Roar.

– Bileta har ikkje verdi utan at dei blir brukt. Og det er bygda sin eigedom. Ein fotograf gjer ein kulturell jobb for heile bygda, seier Roar Velle.

Han fortel at faren ofte jobba til ni om kvelden, og at sansen for å drive butikk kunne vore betre.

– Far brydde seg ikkje om marknaden. Det skulle vere kvalitet. Han var perfeksjonist, og det har gått att i alt han har gjort.

Velle- arkivet inneheld mest familiebilete. Det er born som skal fotograferast, giftarmål, og andre familiehøgtider.

– Men det viser seg at folk er interessert i personbileta. For her er det mykje tidstypisk. Frisyrar og klesstil gir eit tidsbilete, seier Ragnar Albertsen.

Den som vil studere bileta kan gå inn på https://foto.fylkesarkivet.no. Skriv først Ørsta i søkefeltet så Velle og deretter familienamn for den som er ute etter noko spesielt.

SVEIN AAM/MØRE-NYTT

Saka vart først publisert i Møre-nytt

PREMIEBILETE: Martin Velle sitt premierte portrett av Herman Wildenvey.

VELLE-ARKIVET: To ukjende jenter.

OSE: Borgni Ose, fotografert 27.12.1934.

VELLE-ARKIVET: Ole S. Velle.

PEDERSEN: Kaptein Pedersen fotografert med barnebarnet Hilde.

VELLE-ARKIVET: Kåre Aam.

## 4.8 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven

Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 01.01.2013, finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune. SEDAK er organisatorisk knytt til IKA Møre og Romsdal, og lokalisert saman med IKA Møre og Romsdal, Kulturnett og FylkesFOTOarkivet.

**Hovedoppgåver**

- Digitalisering
- Fagleg rettleiing i forbindelse med digitaliseringsoppdrag
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk

**Satsingar 2019**

- SEDAK medarrangør og bidragsytar på regional samling for ABM-institusjonane i samarbeid med Fylkesbiblioteket, Nasjonalbiblioteket og KulturNett.
- Ferdigstilling av tidlegare reserverte oppdrag.
- Innspel til den internasjonale ISO-komiteen om ISO-standard 19264.
- Prosjekt i samarbeid med NAV om lærlingplass ved IKAMR og SEDAK, arbeidstrening med digitalisering av arkiv og kulturarv.

**Oppdrag**

- Rauma kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv
- Sandøy kommune – digitalisering og import i Documaster av teknisk arkiv
- Sandøy kommune – Sandøy sogelag / jordskifte
- Vestnes kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv
- Haram kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv
- Norddal kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv
- Ørskog kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv
- Skodje kommune – digitalisering og import i Documaster av byggesaksarkiv
- Ålesund kommune avdeling VAR – digitalisering av store format
- Topografisk arkiv (arkeologi) 651 – testdigitalisering av 2 seriar (Rauma, Norddal)
- Folkemusikkarkivet – digitalisering og fileksport
- Jugendstilsenteret – digitalisering av Gustav Gaudernack
- Jugendstilsenteret – bistand med arkivstatistikk for rapportering nasjonalt
- Jugendstilsenteret – digitalisering av Fürst-arkivet. Konfigurering av arbeidsstasjon for opplasting av filer til ASTA-klient. Rapportering og oppfølging av prosjektet saman med Jugendstilsenteret.
- De Norske Klippfiskeksportørers Landsforening og Unidos A/S (tidlegare A/L) – digitalisering av store format teikningar/aviser/plakatar
- Kulturnett – digitalisering av store format kart
- Fræna kommune - Digitalisering valgstyreprotokollar
- Harald Johannes Krøvel - bistand og utlån av utstyr for digitalisering av arkiv til bygdebok
- Ivar Aasen-tunet – bistand linkar av tidlegare digitalisert materiale
- Peder Fylling samling – digitalisering og publisering av eldre publikasjonar. 600 ppi

**Oppdrag internt**

- Bistand saman med eksterne leverandørar i forbindelse med oppgraderingar og vedlikehald av arbeidsstasjonar for digitalisering av byggesaksarkiv. Både hardware- og software-relatert
- Digitalisering av store format byggesaksarkiv.
- Arkivverkets arkivutviklingsmidlar – Møtebok-prosjekt – eksport av filer
- Fotografering av nye tilsette i studio og reportasjefotografering ved synfaring og spesielle hendingar

- Kontaktkonferanse i Ålesund – stand med informasjon til kommunar om SEDAK og moglegheiter for digitalisering
- Installasjonar av FileZilla-kontoar og Documaster-kontoar for forskjellige digitaliseringsprosjekt. Oppgradering av Adobe-kontoar og Phase One programvare Capture One CH til 3 arbeidsstasjonar.
- Fullføre innflyttinga med nye møblar og tilpassa arbeidsstasjonar til kvar tilsett
- Førebu overføringa frå gamle gnr./bnr. til nye gnr./bnr. i forbindelse med kommunesamanslåing
- Deltaking i Forskerforbundets (FF) årsmøte og møte om lønnsforhandlingar
- Førebuing til IKAMR 20-årsjubileum i 2020 (oppussing, jubileumslogo, sosiale medium, sosialkomité)
- Opplæring av tilsette og sommarhjelper
- Etablere rutinar for bestilling av digitalisering
- Etablere rutinar og prosedyrar for serverar med innhald frå digitaliseringsprosjekt

**Kompetanseheving**

- Online webinar – Phase One, Capture One. All About Colour - A Continuation of the IQ4 webinar Series
- Online webinar – Open Preservation Foundation webinar – An Introduction to IIIF (International Image Interoperability Framework)
- Online webinar – Putting Best Practices Into Practice: Scalable Preservation Solutions – Digitization
- Online webinar – Linked Conservation Data Consortium. Introductory Webinar - Why Linked Data?
- Online webinar – Digital Transitions Digitization – The Benefits of Instant Capture
- Online webinar – Color and Object Appearance in Augmented Reality
- Online webinar – Digitalisering av papirarkiv
- NKF-N, streaming Emnegruppe NKF-N Bok, papir og foto fagmøte
- LYRASIS – FADGI Metrics webinarserie, totalt 6 stk
- Online webinar – PixEdit og OCR
- Microsoft Teams som ei ny plattform
- Gjennomført fallsikringskurs i høve arbeid i høgde for digitalisering av store format

POCP-sertifiseringa som var planlagt i handlingsplan for 2019 vart utsett til 2021 grunna foreldrepermisjon.

**Deltaking på konferansar og studiebesøk**

- Møte i Loen med Sogn og Fjordane fylkeskommune konsekvensar av regionreforma
- Planleggingsmøte i høve regional ABM-samling 2019 med fylkesbiblioteket
- Innspel til referansegruppemøte Digitalarkivet samt levering av referansefiler for pilot
- Deltaking som representant for Noreg gjennom Standard Norge i arbeidsmøte i ISO/TC 42/JWG 26 / Internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO) tekniske komite (TC) for fotografi (42) forent arbeidsgruppe for kvalitetssikring av digitalisering arkiv (JWG 26) samt kurs og deltaking på konferansen "Archiving 2019" i Lisboa, Portugal
- Skypemøte i ISO/TC 42/JWG 26
- Arbeidsmøte med Are Flågan ved Nasjonalbiblioteket i Oslo. Flågan er også representant gjennom Standard Norge i ISO/TC 42/JWG 26. Testing av ny DICE target og planlegging av nasjonal workshop for arkivmiljøet for implementering av ISO 19264-1.
- Styrearbeid i Institusjonsfotografenes forening (IFF), Oslo
- 2+3D Photography – Practice and Prophecies, konferanse i Amsterdam, Rijksmuseum
- Multispectral imaging – studiebesøk til København med test av ny Phase One teknologi
- Nettverksmøte for ABM-sektoren om digitalisering i Møre og Romsdal

**Faglege besøk til SEDAK**

- Ålesund kommune
- Ulstein kommune
- Ståle Krantz Bruland frå Avdeling for moderne arkiv ved Bergen Byarkiv. ISO standarden 19264-1.
- Jon Yngve Hardeberg, PhD Professor of Colour Imaging, The Norwegian Colour and Visual Computing Laboratory Department of Computer Science, NTNU
- Diskusjon om blant anna EU-prosjektet «CHANGE» - kvalitet i digitalisering av kulturarv. Møtet resulterte i deltaking i «CHANGE School» i februar 2020.
- Besøk frå deltakarar av samling for fylkeskoordinerande institusjonar og nasjonale aktørar i privatarkivarbeidet i Ålesund

**Ressursar**
Det har vore tilknytt fleire prosjekttilsette i arbeidet med digitalisering av byggesaksarkiva til kommunane. Nokre prosjekt vart utført av fast tilsette og prosjekttilsette ved IKAMR. I samarbeid med NAV om lærlingplass ved IKAMR og SEDAK, fekk vi ein kandidat som har bidratt med digitalisering av arkiv og kulturarv via arbeidstrening. Lærlingplassen som var planlagt vart gjennomført med arbeidstrening og ikkje lærlingkontrakt.

## BESØK FRÅ BERGEN BYARKIV



*Ottar A.B. Anderson og Ståle Krantz Bruland. Foto: Zane Aboltina / SEDAK*



**IKA Møre og Romsdal ved SEDAK har hatt besøk av Ståle Krantz Bruland frå Avdeling for moderne arkiv ved Bergen Byarkiv.**

Ståle Krantz Bruland har forfatta IMAGO "Kvalitet i digitalisering og sikring av grafikkfiler for langtidslagring" som er ei skildring av prosedyrar for digitalisering.

Dette er eit av få arbeidsdokument som er omsett til norsk. Vi vil sjå om vi kan samanfatte dette med ei mogleg omsetting av ISO/TS 19264-1 (Photography -- Archiving systems -- Image quality analysis -- Part 1: Reflective originals) til norsk, denne eksisterer berre på engelsk, noko som er eit hinder for at den blir tatt i bruk i det norske ABM-miljøet.

I forbindelse med besøket gjekk ein gjennom SEDAK sine prosedyrar og ISO standarden. Ein var også innom studioet i Nedre Strandgate og såg på testoppsett for gjenstandsfotografering.

## 4.9 Prosjekt Personvernombod

**Generelt**
2019 har vore prega av forandringar i drifta av prosjektet og blant tilsette, og det har innehalde store evalueringar av prosjektet.

Det har vore gjennomført kommunebesøk i ei rekke av prosjektet sine deltakarkommunar, der både opplæring, foredrag, rapportering til øvste leiing og workshops har vore på programmet, i tillegg til diverse møteverksemd.

Førespurnader til omboda har auka i tal, og det har òg kompleksiteten på spørsmåla. Dette tyder på auka kompetanse på personvernfeltet ute i kommunane, men også på at stadig fleire tilsette i kommunane og innbyggarane har blitt kjent med prosjektet. Omboda har bidratt i komplekse og alvorlege avvikssaker, personvernkonsekvensvurderingar og gitt råd i stadig meir omfattande problemstillingar.

Personvernomboda gjennomførte ein heildags fagdag på Seilet i Molde 9. mai med ca. 50 deltakarar. Dei aller fleste kommunane i prosjektet var representert. I tillegg til eigne foredrag, vart eksterne foredragshaldarar henta inn for anledninga. Det vart ikkje arrangert fagdag på hausten då Henrik Gullaker slutta i stillinga 15. august, men omboda har elles vore aktive med å halde foredrag ute i kommunane og for interkommunale samarbeid.

Det var vore mykje merksemd rundt prosjektet i 2019, også utanfor fylkesgrensa. Fagleg prosjektleiar har blant anna presentert prosjektet på den årlege KAI-konferansen i Stavanger, og har fått mange gode tilbakemeldingar på dette.

Som følge av at Henrik Gullaker sa opp si stilling, vart stillinga som prosjektmedarbeidar lyst ut. Karen Vanessa Gurskevik vart tilsett i stillinga 9. september.



**Revisjon av kommunane**
Ei av hovudoppgåvene til personvernomboda er å kontrollere om kommunane oppfyller sine plikter etter personvernregelverket. For å kunne gjennomføre slik kontroll på ein god og systematisk måte, vart det laga ein revisjonsprosedyre som skulle nyttast for all formell kontroll.

Kontrollane vart avertert som eit hjelpetiltak overfor kommunane, og tiltaket vart teke godt imot. Av 29 prosjektdeltakarar vart det gjennomført revisjonar av 6 kommunar (Molde, Ålesund, Hustadvika, Stranda, Sykkylven og Aukra). Revisjonane vart gjennomført i mars 2019.

Revisjonar av resterande prosjektkommunar er planlagt gjennomført i mars og april 2020.

**Kompetanseheving**
Gjennom året har omboda delteke på kompetansehevande kurs og konferansar på personvernfeltet. Blant anna kurs i regi av Juristforbundet, Datatilsynet, Kins og Normen.

For å skaffe seg ei breiare kompetanse har eitt av omboda gjennomført kurs i Risk Mangagement (ISO 27005) og grunnleggande tryggleikstesting. Bakgrunnen for dette var at kompetanse på dette feltet er etterspurt frå kommunane, samt at det vil vere til hjelp i det vidare arbeidet med informasjonstryggleik og personvern.

Omboda har vore tilknytt både strukturerte og uformelle nettverk for kompetanseheving og erfaringsutveksling, til dømes JUC, nettverk for personvernomboda i fylkeskommunane, nettverk for kollektivtransportsektoren og nasjonalt nettverk for personvernombod i kommunane.

**Revisjon av prosjektet**
I prosjektavtalen vart det lagt til grunn at det skulle gjennomførast ein evaluering av prosjektet etter eit års tid. Hensikta var å evaluere om ordninga fungerte etter si hensikt og om personvernomboda oppfylte sine plikter etter personvernregelverket. Evalueringa skulle vidare brukast som grunnlag for vidare utvikling og forbetring av tenesta.

Etter ein anbodsprosess vart KMPG tildelt oppdraget med å gjennomføre evalueringa.

Evalueringsrapporten vart presentert for styret til IKAMR 9. oktober. Styret tok rapporten til vitande, og vedtok at den skulle sendast ut til deltakarkommunane for tilbakemelding på innhald og konklusjon.

Rapporten konkluderer blant anna med følgande:

> *IKA MR har lykkes med å rekruttere gode kandidater til å ivareta personvernombudsrollen. Personvernombudene leverer tjenester som prosjektdeltakerne jevnt over er godt fornøyd med. Begge ombudene oppleves som faglig dyktige og til å ha personlige egenskaper som gjør dem godt egnet til å ivareta en slik rolle. Prosjektet har således i stor grad klart å oppfylle prosjektdeltakernes forventninger, til tross for begrenset grad av styring og kontroll. Det er imidlertid likevel behov for å gjøre noen justeringer av personvernombudenes arbeid.*

KPMG oppsummerte sine funn slik:

> *Basert på tilgjengelig informasjon, er det vår vurdering at personvernombudene gjør en god innsats for å bidra til økt etterlevelse blant prosjektdeltakerne, og at ombudene i stor grad etterlever lovkrav til innhold i deres rolle. På enkelte områder stiller vi spørsmål ved hvorvidt lovkravene oppfylles fullt ut, herunder:*
>
> - *Rapportering til øverste leder. Det er indikasjoner på at ombudet i praksis ikke rapporterer til virksomhetens øverste leder hos enkelte av prosjektdeltakerne (POL Artikkel 38 (3)).*
> - *Kapasitet. Det vurderes som sannsynlig at personvernombudet pt. ikke har tilstrekkelig tid til å gjennomføre alle sine forpliktelser iht. regelverket på betryggende vis (POL Artikkel 38 (2))*
> - *Risikovurdering. Personvernombudene har ikke i tilstrekkelig grad vurdert risikoen som er forbundet med behandlingsaktivitetene prosjektdeltakerne utfører. (POL Artikkel 39 (2))*
> - *Etterleveseskontroll. Ombuda utfører i begrenset grad*

KPMG anbefalte følgande justeringar:

1. Tydeleggjering av prosjektet sitt mandat
2. Heve prosjektstyringa
3. Meir etterfølgande kontroll
4. Vurdering av ressursbehov

Basert på intervjua med deltakarkommunane konkluderte KPMG at:

> Prosjektdeltakerne uttrykker jevnt over at de er godt fornøyd med jobben personvernombudene gjør, at de er gode samarbeidspartnere og støttespillere, og at dagens løsning der de ivaretar ombudsrollen for virksomheten er en bedre løsning enn det de ville fått til ved å ha et internt personvernombud. Representantene for prosjektdeltakerne som ble intervjuet uttrykte alle at de ønsket en forlengelse av samarbeidet etter 2020, samtidig som flere presiserte at det ikke var opp til dem å fatte den beslutningen.

Overordna meiner IKAMR at rapporten har bekrefta at prosjektet har levert slik som lova i prosjektavtalen og at forventningane til deltakarane har vorte oppfylt. Dei anbefalte justeringane er klare, gode og naudsynte og vil kunne bidra til at prosjektet leverer ei enda betre teneste i tida som kjem. Vidare dannar rapporten eit godt grunnlag for å tilpasse og førebu prosjektet for overgang til fast drift etter prosjektperioden er over.

**FAGDAG I MOLDE**



*Fagdag i Molde. Thea Helen Rølsåsen og Gøran F. Breivik. Foto: Jan Aakvik/IKAMR.*



*Christian Sørbye Larsen fortel om Digital skulekvardag. Foto: Jan Aakvik/IKAMR.*

**Personvernombod ved IKA Møre og Romsdal arrangerte fagdag for kommunane i Molde.**

På programmet stod ein gjennomgang ved Henrik Gullaker om DPIA (*Data Protection Impact Assessment*) og styringsdokument. Thea Helen Rølsåsen gjekk gjennom Artikkel 32 og krava til sikkerheit.

Det var også fokus på styringsdokumenta til kommunane før Gøran F. Breivik, konsulent i Transcendent Group Norge AS, gjekk gjennom avvikshandtering, kva som er viktig dei første 72 timane etter at varsel er kome til kommunen eller Personvernombodsordninga.

Christian Sørbye Larsen, spesialrådgjevar i Bærum kommune, fortalde om erfaringar ved innføring av nye system i skulesektoren.

Til slutt vart det ein gjennomgang av personvern i forslaget til ny arkivlov.

**Kategori:**
Personvernombod
**Municipality:**
Molde

# 5. SYNFARINGAR, KONFERANSAR OG ANNA

## 5.1 Synfaringar

IKAMR har vore på synfaringar/kommunebesøk hos følgande i 2019:

- Tingvoll kommune
- Molde kommune
- Rauma kommune
- Volda kommune

- Stordal kommune
- Hustadvika kommune (Eide og Fræna)
- Ørsta kommune
- Ørskog kommune
- Ålesund kommune
- Averøy kommune
- Stranda kommune
- Sunndal kommune
- Norddal kommune
- Vestnes kommune
- Ørsta kommune
- Sula kommune
- Gjermundnes vgs
- Fræna vgs
- Sandøy kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Aure kommune
- IKT Orkidé kommunane

Det vart arrangert:

- ei arkivplansamling i 2019
- fagdag for Rauma kommune og Ulstein kommune
- ordningskurs for Smøla kommune



## 5.2 Kontaktkonferansen 2019

Konferansen vart arrangert i Ålesund 01.- 02. oktober med 122 deltakarar. Dette er ein viktig arkivfagleg samlingsplass for dei tilsette i kommunane.

Tema var:

- Orientering om arbeidet ved IKA Møre og Romsdal ved Geir Håvard Ellingseter, IKAMR
- Utkast til ny arkivlov – Anne Mette Dørum – KS
- Robot i arkivet – Elizabeth Linder – Udir
- GDPR og arkiv ved Thea Helen Eriksen Rølsåsen, IKAMR

- Arkivsamarbeid Søre Sunnmøre, og innføring av nytt arkivsystem med ny arkivnøkkel - Tove Cathrine Kvamme og Helga Bøe - Søre Sunnmøre IKT
- Avlevering av arkiv, Vibeke Lunheim, Andri Jónsson – IKAMR
- Organisering av arkivtjenesten - Liv Jorunn Bårdsnes Horgheim, Rauma kommune
- Dokumentasjonsforvaltning 2020 - Kjetil Reithaug – Arkivverket

Å arrangere ein slik konferanse er arbeidskrevjande. Det er derfor viktig å evaluere gjennomføringa av den. Deltakarane fekk evalueringsskjema til utfylling i etterkant. 19% vurderte totalinntrykket av konferansen til karakter 6, 52% til karakter 5, 23% til karakter 4:




Av positive tilbakemeldingar fekk vi for eksempel desse:

- *Interessante tema og foredrag*
- *At så mange deltar*
- *Mykje bra informasjon*
- *Ny kunnskap*
- *Veldig bra program*
- *Aktuelle tema*
- *Gode foredragsholdere*
- *Godt forberedte forelesere*
- *Bra tiltak med stands, for å presentere dei ulike aktivitetane hos IKA.*
- *Bygge nettverk*

På Konktaktkonferansen vart prisen Årets arkivar Møre og Romsdal delt ut for tredje gong.
Helga Bøe, leiar servicetorg og politisk sekretariat i Hareid kommune, vart tildelt prisen Årets arkivar 2019. I etterkant hadde Vikebladet Vestposten følgande dekning:



Vikebladet Vestposten

Nyhende Sport Kultur Meiningar eAvis MENY

# Helga er "Årets arkivar"



Helga Bøe er "Årets arkivar i Møre og Romsdal". FOTO: PIOTR CABAJ

## 5.3 Høyringar

IKAMR leverte høyringsinnspel til NOU 2019:9 Fra kalveskinn til datasjø — Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver. I samband med dette arrangerte IKA Møre og Romsdal eit høyringsseminar for alle eigarane.

Åsta Vadset har vore med i arbeidet med å utarbeide nye bevaringsreglar for pasientopplysningar i kommunale og fylkeskommunale tenester. Ny forskrift kom på plass 01.01.2020.

## 5.4 Deltaking på kurs/konferansar

Kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) var i 2019 i Stavanger Konferansen samlar tilsette frå kommunearkivinstitusjonar over heile landet. I tilknyting til konferansen vert det lagt diverse samarbeidsmøte for desse arkivinstitusjonane.

Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.

Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv.

Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.

# Fortid
# & notid
# for framtid

Arkiv og kulturformidling